



Leif Sverre Enes – toppkandidat for Høgre – her i kommunestyret.(Foto: Kristian Hus)

**Spenningen i Kvinnherad Høgre er allereie utløyst:
Korkje veteranen Arne Havnerås frå Rosendal eller avtroppande partileiar Gunn
Mari Moberg frå Uskedalen blir partiet sin ordførarkandidat til hausten
- det blir derimot Leif Sverre Enes (57) frå Ænes.
Det melder HusnesNett i føremiddag.**



Gunn Mari Moberg og Arne Havnerås blir nummer 2 og 3. (Foto: Kristian Hus)

Moberg og Havnerås er nummer 2 og 3. Uskedalen er fyldig representert på lista - med 7 av 37 kandidatar. Dei er Moberg, Tor Vidar Sæle som nummer 8, Oddbjørn Kroka som 11, Lars Johan Myklebust som 17, Hilde Borge Bringedal som 20 og Steinar Kroka som 29.

Det som no føreligg er lista frå nominasjonsnemnda - sjølve nominasjonen skal gå føre seg i Gamleskulen i Uskedalen 24. januar.

Havnerås gjorde det under prosessen klart at han ikkje ville vera odførarkandidat, men hadde eit ynskje om å trappa ned.

Den nye toppkandidaten har ei fortid i Senterpartiet og i den siste perioden har han som Høgrerepresentant markert seg sterkt mot eigedomsskatten og nedleggjing av skular.

Tidlegare ordførar Bjarne Berge, som no har lagt ned "sitt" parti, er nummer 10 på lista. Ingen av kandidatane har Husnes som adresse.

Høgre har no 4 i kommunestyret, men også med bakgrunn i landstendensen håpar partiet på ein pen auke.

Av Ola Matti Mathisen